

Sogn og Fjordane Turlag



Sogn og Fjordane Turlag
ei medlemsforening under Den Norske Turistforening

Bakgrunnsdokument for Strategiplan 2019 – 2023



Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Føremål	3
1.2 Bakgrunn	3
2. Visjon.....	4
2.1 SFT sin visjon	5
3. Rollene i SFT	5
4. Kjerneverksemd og verkemiddel	6
4.1 Aktivitet.....	6
4.1.1 Kva meinast med kjerneverksemda “aktivitet”?	6
4.1.2 Vurdering av situasjonen i SFT.....	7
4.1.3 Mål og tiltak for generell aktivitet	8
4.1.4 Særskilde mål og tiltak for kurs og fjellsport	8
4.1.5 Særskilde mål og tiltak for born og unge.....	9
4.2 Hytter, ruter og stiar	9
4.2.1 Vurdering av situasjonen	10
4.2.2 Mål og tiltak	10
4.3 Natur, kulturarv og miljø	11
4.3.1 Vurdering av situasjonen	11
4.3.2 Mål og tiltak	11
4.4 Organisasjon	13
4.4.1 Vurdering av situasjonen i dag	13
4.4.2 Mål og tiltak	14
4.5 Kommunikasjon	14
4.5.1 Vurdering av situasjonen	15
4.5.2 Mål og prioriterte tiltak	15
4.6 Økonomi	15
4.6.1 Vurdering av situasjonen	15
4.6.2 Mål og tiltak	16
4.7 Digitalisering	16
4.7.1 Vurdering av situasjonen	16
4.7.2 Mål og tiltak	16
5. Kjeldeliste:.....	18

1. Innleiing

Når det i dette dokumentet vert brukt nemninga Sogn og Fjordane Turlag (SFT) gjeld det heile foreininga; lokallaga, styret, administrasjon og utval i SFT. Det vert presisert dersom det berre gjeld delar av foreininga, t.d. styret i SFT.

1.1 Føremål

Styret i Sogn og Fjordane Turlag erfarer at vi er i ei brytningstid. Vi ser behov for ein strategiplan som kan gje konkret retning og hjelp til å prioritere innsats, som løftar oss opp og set arbeidet inn i ein større samfunnsmessig heilskap. Planen skal tydeleggjere kven SFT er, kva våre kjernefunksjonar er og kva rolle SFT skal ha dei neste åra, både innanfor og utanfor "turlagsfamilien". Det er heller ikkje fullt ut forståing for kva rolle styret, administrasjon og utval i SFT har hatt, også i høve SFT sine egne lokallag.

Strategien vil vere ei bevisstgjerjing for lokallaga, styret, utvala og administrasjonen i SFT kva som skal gjerast og kven som har ansvar for kva, noko som gjere det lettare å handsame ulike saker. Konkretisering av ansvar og arbeidsoppgåver gjer det også lettare for lokallaga å stille spørsmål ved og stille krav til kva styret, administrasjon og utval i SFT skal bidra med. Lokallaga kan lettare gje tilbakemeldingar om kva styret, utval og administrasjon bør prioritere høgare eller eventuelt avvikle.

Sogn og Fjordane er inne i ei endring med kommunesamanslåingar og regionreform. Frå 01.01.2020 er nye Vestland fylke ein realitet. Korleis skal SFT handtere dette? Skal SFT vere organisert som i dag? Skal medlemsforeiningane i nye Vestland fylke slå seg saman? Eller skal medlemsforeiningane finne nye måtar å samarbeide på? Strategiplanens svarer ikkje på desse spørsmåla, men planen tydeleggjer kven SFT er og kva vi gjer, noko som er nyttig å ha med inn i vidare drøftingar om kommunesamanslåingar og ikkje minst regionreforma.

1.2 Bakgrunn

Vi vil skifte fokus frå «å gjere ting rett», til «å gjere dei rette tinga». Spørsmål vi har hatt som bakgrunn til arbeid med strategidokumentet er:

- Kva seier Vegvalsdokumentet til DNT for 2019 – 2023?
- Kven er SFT?
- Kven er målgruppa til SFT?
- Kva rolle har dei ulike partane i SFT?
- Kva rolle har SFT opp mot våre samarbeidspartar?
- Kva forventningar/behov har lokallaga til styret, administrasjon og utval i SFT?
- Opplever lokallaga at styret, administrasjon og utval i SFT er relevante for deira utvikling/drift?
- Kva er det SFT kan bidra til å skape, som er forskjellig frå det andre kan gjere?
- Kva er SFT si rolle som samfunnsaktør?
- Kva for perspektiv er det som styrer det SFT gjer?
- Kva er det eigentleg Sogn og Fjordane Turlag skal skape av «produkt» til andre?
- Kva samfunnseffektar er SFT med på å skape?

I SFT sitt strategidokument har vi valt å bruke same inndelinga som Veivalg 2019 - 2023 “Et rikt liv med enkle midler”, men under kjerneverksemda aktivitet er kurs og fjellsport og born og unge sett opp som egne underpunkt med mål og tiltak.

I utforming av planen har vi også tatt utgangspunkt i SFT sine vedtekter, retningslinjer og medlemskapsavtalen. Medlemskapsavtalen seier mellom anna at SFT skal etablere system for hytter, ruter og stiar, turar, fjellsport, barn- og unge og naturvern.

2. Visjon



Kjelde: DNT Veivalg 2019 – 2023, s.9

Formålsparagrafen og verdiane er fundamentet til DNT. Desse tydeleggjer kva for samfunnseffektar og meirverdi som skal kome ut av det totale arbeidet. Kjerneverksemd er dei grunnleggande oppgåvene til organisasjonen. Som vi ser av DNT-hytta er kjerneverksemda delt inn i aktivitet, hytter og ruter, natur, kulturarv og miljø. Verkemidla for å lykkast med kjerneverksemda er organisasjon, kommunikasjon, økonomi og digitalisering. Lykkast vi med å nå mål innan kjerneverksemda og verkemiddel, lykkast ein også med DNT sin overordna visjon; naturopplevingar for livet (DNT Veivalg 2019-2023).

2.1 SFT sin visjon

Sogn og Fjordane Turlag skal stå fram som ei sterk samla rørsle, som gjev allsidige og gode tilbod og aktivitet for mange grupper, og bidreg aktivt til utvikling av dei ulike lokalsamfunna i Sogn og Fjordane.


Samla har organisasjonen sterk kompetanse og evne til å skape positive effektar lokalt og regionalt.

SFT og andre samarbeidspartar har ei felles sterk forståing av at vi står saman om mål, prioriteringar og konkrete tiltak.

3. Rollene i SFT

Som grunnlag for å konkretisere mål og tiltak under kjerneverksemd og verkemiddel, samt utforming av handlingsplan for 2019, har vi definert rollene til SFT slik:

- Lokallaga i SFT skal legge til rette for varierte aktivitetar i lokalsamfunnet, som tek i vare verdiane til DNT
- Lokallaga i SFT skal drifte og vedlikehalde eigne hytter
- Lokallaga i SFT skal merke og vedlikehalde stiar i sine lokalområde
- Lokallaga i SFT skal gje tilbakemeldingar om deira behov til styret, administrasjon og utval i SFT
- Lokallaga i SFT er i hovudsak primærkontakt og samarbeidspart til kommunane i sine lokalområde, styret, utval og administrasjon kan hjelpe dersom lokallag ber om dette
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal støtte lokallaga, slik at dei i størst mogleg grad kan fylle si rolle med å skape aktivitet, kunnskap og engasjement rundt natur, kultur og friluftsliv
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal ikkje primært drive aktivitet på eiga hand, men koordinere og vere ein ressurs, bindeledd og kompetansebase for dei lokale laga
- Styret, administrasjon og utval i SFT er bindeleddet mot DNT sentralt i høve å få fram meiningane og behova til lokallaga, og skal sikre ein god kommunikasjon og samanheng i aktivitetane frå nasjonalt til lokalt nivå
- Styret, administrasjon og utval i SFT har ei rolle som regional part for fylkeskommunen og andre regionale aktørar og skal saman med dei ta ansvar for å utvikle strategiar og planar for utviklinga i regionen.
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal sitje i førarseite og utvikle foreininga, i tråd med samfunnsutviklinga
- Styret, administrasjon og utval i SFT har rolle som talerøyr for ålmenta for vern av natur og viktig friluftslivområde
- SFT har ei rolle som talerøyr for ålmenta, med ansvar for å setje natur og friluftsliv på dagsorden
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal, i samarbeid med lokallaga, aktivt kome med innspel i utvikling av regionale planar og strategiar



Kjelde: DNT Veivalg 2019-2023 s. 25

4. Kjerneverksemd og verkemiddel

«Vi gjer vår del, men til saman vil vi bidra til å skape eit samfunn bygd på DNT sine verdier». Det er viktig at alle partane av SFT ser at arbeidet heng i hop med eit større arbeid, som til saman skal gje dei samfunnseffektane vi ynskjer.


Dei konkrete måla og tiltaka som kjem vidare i dokumentet peikar på utfordringar her og no, og kvar SFT kan gjere ein skilnad.

4.1 Aktivitet

4.1.1 Kva meinast med kjerneverksemda “aktivitet”?

I DNT sitt nyaste vegvals -dokument er det laga ei oversikt over dei ulike aktivitetane organisasjonen gjennomfører. Dette har dei visualisert med eit aktivitets -fjell (DNT Veivalg 2019-2023 s.12).

Modell 2: Aktivitetsfjell¹



¹: Figuren viser ikke alle aktivitetene i regi av DNT, men illustrerer mangfoldet. ²: Inkluderer aktiviteter som for eksempel topptur, isklating og kiting.

Som vi ser av fjellet er **aktivitet** eit vidt omgrep. Det er organisert og uorganisert aktivitet av høg, middels og låg terskel som medlemmane gjennomfører. Men omgrepet inneber også våre frivillige

sin aktivitet; turleiing, merking av stiar, bygge vardar, dugnad på hytter, stand på arrangement, halde kurs/instruksjon til medlem og ikkje-medlem.

I vegvalsdokumentet til DNT 2019-2023, står det at aktivitetstilbodet skal vere interessant og attraktivt for mange. Målet til DNT er å tilby inkluderande aktivitetar som utviklar fellesskapen mellom medlem, frivillige, tillitsvalde og tilsette. Med inkludering meiner dei å delta i fellesskap med andre og oppleve sosial tilhøyrse.

4.1.2 Vurdering av situasjonen i SFT

Når vi ser på kva omgrepet aktivitet inneber, ser vi at mykje av aktiviteten vert gjennomført av dei enkelte lokallaga, uavhengig av dei andre laga og administrasjon og styret til SFT. Kvar lokallag har sine egne turprogram og turleiarar. Dei driftar sjølv egne hytter og turpostar, merkar stiar og gjennomfører hyttedugnad.

Sogn og Fjordane Turlag opplever at vår måte å drifte aktivitet på, med sjølvstyrte lokallag, gjer at aktiviteten blomstrar rundt om i fylket. I 2017 vart det arrangert rundt 760 organiserte turar/aktivitetar. Til saman i dei 14 lokallaga er det 340 turpostar, mange turskildringar på UT.no, DNT SjekkJUt og 22 turlagshytter. SFT meiner at all aktiviteten lokallaga gjennomfører, gjer at tilbodet til dei som bur i fylket blir variert og bidreg til både organisert og uorganisert aktivitet.

SFT sitt styre og administrasjon arrangerer større aktivitetar, som krev meir logistikk og planlegging; som Base Camp, kurs og hytte til hytte turar. Årleg arrangerer SFT rundt 10 kurs, 2 fellesturar, 3 Base Campar (Vinter, Sommar, Kyst) og 1 fellesmøte.

Kurs- og fjellsport

SFT sitt styre har eit eige utval for kurs- og fjellsport. Nokre lokallag har egne fjellsportmiljø, som også arrangerer kurs og aktivitetar. Dette feltet avgrensar seg til kurs og kompetansegevendende aktivitetar innan klatring, snøskred, padling og turleiing og til meir ålmenne kurs innan alpin skiteknikk, som ikkje er kompetansegevendende. Ferdsel i fjellet er under sterk auke. Meir bruk av fjellet og stor auke i redningsaksjonar, viser at det er eit aukande behov for å spreie kunnskap og bygge opp god kompetanse om risiko og førebyggjande tiltak for dei som vil bruke naturen.

SFT vurderer at for å få til fleire krevjande og kompetansespissande aktivitetar og kurs, som kan styrke medlemmer og frivillige sin kompetanse, må SFT sitt styre og administrasjon ta ansvar og gjennomføre desse tilboda. Dette av di det er tidkrevjande og kan krevje kunnskap som ikkje dei enkelte lokallaga sit med per i dag. Vi tenkjer også at spissa aktivitet, kurs og kompetanseheving av frivillige, fellesmøte og basecamp kan vere arenaer der dei spesielt interesserte kan få ekstra motivasjon og samhaldskjensle, som kan gje effekt til meir aktivitet i lokallaga dei tilhøyrar. Slike spissa aktivitetar kan også vere arenaer til å oppdage nye frivillige.

SFT sitt styre, utval og administrasjon har i 2018 arrangert 1 snøskredkurs, 2 utandørs klatrekurs (brattkort), 1 kajakkurs, 1 grunnleggjande turleiar kurs. I tillegg hadde vi kurs som ikkje er kompetansegevendende, innan alpin skiteknikk.

Utvalet til SFT sitt fjellsportarbeid er tufta på Strategisk plattform for fjellsport i DNT, vedteken på Landsmøtet i 2017.

Born og unge

Sogn og Fjordane har 29 Barnas Turlag, som har aktivitet i alle kommunane i Sogn og Fjordane. Det er også DNT-ung grupper i Sogn og Fjordane. DNT-ung gruppene er ikkje like mange og får per i dag ikkje like mange med seg på tur som Barnas turlag gjer, til tross for at tal ung-medlem aukar årleg.

SFT styret har eit eige ung-utval. Oppgåva til utvalet er å vere synlege rundt om i fylket, fysisk eller via sosiale medium, og inspirere born og unge til å vere med på aktiviteten til dei ulike ung - gruppene rundt om i fylket. Frå 2014 – 2016 hadde SFT eigen prosjektleiar born og unge. Dette har vore avgjerande for etablering av fleire ung – grupper. No held dette arbeidet fram, ved at det er tilsett ein ny prosjektleiar i 50 % frå oktober 2018.

4.1.3 Mål og tiltak for generell aktivitet

Mål

- Eit variert tilbod, med ulike tersklar i heile fylket
- Legge til rette for uorganisert aktivitet
- Sikre at fleire kan gjennomføre ulike friluftaktivitetar utan at det skal koste for mykje
- Sikre møteplassar for dei frivillige og medlem for inspirasjon og erfaringsutveksling
- Legge til rette for at aktivitetstilboda rundt om i fylket skal vere inkluderande for alle alders- og samfunnsgrupper
- SFT styret, utval og administrasjon skal gjennomføre/legge til rette for større aktivitetar som er for krevjande for frivilligheita å drifte

Tiltak

- Tilby turar av låg, middel og høgterskel i heile fylket
- Vidareutvikle turstiar, skilting og turinformasjon
- Bygge opp gode utstyrsbankar rundt om i fylket, der ein kan låne utstyr
- Arrangere fellesmøte
- Arrangere "Turlagsforum" før årsmøtet
- Støtte og vidareutvikle tilbod og tilpassingar for folk med funksjonsnedsetjing
- Samordne større felles tiltak med andre organisasjonar og forvaltning

4.1.4 Særskilde mål og tiltak for kurs og fjellsport

Mål

- Det skal vere trygt reise på tur med SFT
- SFT skal vere ein synleg og ansvarleg samfunnsaktør innan fjellsport
- Vi skal leggje til rette for at fleire kan gjennomføre friluftaktivitetar på eigenhand, ved å auke kunnskap om evner og sikkerheit, gjennom å arrangere kurs for medlem/ålmenta
- Bidra til at lokallaga kan auke sine aktivitetar knytt til vatn og kyst
- SFT skal ha tilbod som kan gje frivillige og medlem/ålmenta høg kompetanse på turkultur og tryggleik i naturen

- SFT sitt styre, utval og administrasjon skal tilby kompetansegejevande kurs og utdanning, gjennom DNT sin kursstige, slik at dei frivillige kan oppnå kompetanse til å gjennomføre meir variert aktivitet i sine egne lokallag på ein trygg måte
- Bygge og promotere gode fjellsport-ambassadørar
- SFT sitt styre, utval og administrasjon skal gjennomføre kompetansehevande aktivitetar for medlem/frivillige som krev høgare kompetanse enn kva dei fleste lokallaga sitt med
- SFT sitt utval skal forsøke bygge nettverk mellom dei ulike fjellsport gruppene i lokallaga

Tiltak

- Gjennomføre risikovurderingar av turar
- Arrangere fjellsporturar, lengre og krevjande turar
- Formidle kunnskap om skredvett, etablere ein årleg skredvettdag
- Arrangere kajakkurs
- Arrangere skredkurs
- Arrangere brattkortkurs
- Arrangere turleiarkurs
- Arrangere ferskingkurs
- Oppretthalde kurs- og fjellsportutval
- Møteplass for frivillige innan fjellsport
- Delta på DNT Fjellsport sitt årsmøte

4.1.5 Særskilde mål og tiltak for born og unge

Mål

- Styrke arbeidet med born og unge i heile fylket
- Det skal vere enkelt, billeg og inspirerande å få med enda fleire born og unge ut på tur
- Born og unge skal bli glade i naturen og ta vare på den
- SFT sitt utval skal bygge nettverk mellom dei ulike ung-gruppene i lokallaga
- Oppretthalde og vidareutvikle eit variert og rimeleg tilbod for alle medlemmane mellom 13 og 26 år

Tiltak

- Arrangere Basecamp
- Arrangere møteplass for frivillige ungdommar i fylket
- Opprette fleire ung-grupper i fylket
- Inkludere unge i spørsmål om friluftsliv, naturvern og miljø
- Oppretthalde og vidareutvikle DNT-ung utvalet
- Sikre og auke finansiering av stilling som prosjektleiar friluftsliv born og unge
- Sikre finansiering til ung-aktivitet

4.2 Hytter, ruter og stiar

Hytter og ruter er ein av DNT sine tre kjerneverksemdar. DNT er i dag ein sentral tilretteleggjar for turliv med eit omfattande nettverk av hytter og merka stiar. T-merka stiar er det friluftstilbodet

desidert flest brukar. Å jobbe for at alle kan finne ein tursti i nærleiken av seg, er eit viktig mål for DNT og samfunnet. DNT sine hytter har stor nasjonal verdi.

Under dette punktet tenkjer ein og på kystledda og ruter for t.d. padling.

4.2.1 Vurdering av situasjonen

Lokallaga og lag utanfrå (BHT, OOT) eig/driftar hytter, ruter og stiar i Sogn og Fjordane. Styret, administrasjon og utval i SFT har i praksis hatt lite å gjere med drift og utvikling av hytter og ruter og har vore lite engasjert i vidareutvikling av hytte og rutenett. SFT har ikkje har nokon samla plan som synleggjer mogelegheiter for vidareutvikling og samanbinding av eit felles sti- og hyttenettverk i fylket vårt. Vi har heller ikkje hatt dette som noko tydeleg målsetjing til no. Det gjer at stinettet i fylket er lite samanhengande. Vi har få lange turruter som går over fleire grender og kommunar.

Sogn og Fjordane har få friluftsområde som er sikra med hjelp av statlege tilskotsmidlar, manglande kartlegging av dei regionalt viktigaste friluftsområda er truleg ei av årsakene til dette. Statleg sikring av friluftsområde er eit verkemiddel som er mykje nytta på kysten av fylka sør og nord for oss. Der har dei fått til å lage kart/oversikt over kystledda og aktuelle padleruter, med tips om moglege overnattingsmoglegheiter. Statleg sikring av friluftsområde kan vere eit viktig verkemiddel i arbeidet med å leggje til rette for friluftsliv på kysten av Sogn og Fjordane.

4.2.2 Mål og tiltak

Mål

- Å få utarbeidd eit overordna planverk for stiar og hytter i Sogn og Fjordane innan 2022
- Det skal vere maksimalt 500 meter frå bustad til næraste tursti
- Sti- og hyttenettet i Sogn og Fjordane skal utviklast vidare til å bli eit meir samanhengande nettverk, slik at det vert attraktivt for fleire å nytte dei flotte turområda våre også til lengre turar. Dette kan vere med på å avlaste trykket på dei mest kjende turområda i landet, som dels ligg nær oss.
- Utvikle tilbodet av tilrettelagde padleløyper /kystleder i fylket
- Vurdere kven i SFT som skal ha ansvar for drift og utvikling av stiar og hytter i fylket
- Utvikle fleire attraktive T-merka langruter i fylket

Tiltak

- SFT opprette eit eige sti-, rute- og hytteutval i SFT
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal hente erfaringar frå andre (BHT eller andre) kring drift og utvikling av hytter og stiar
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal invitere lokallaga med på ein "plandugnad"
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal opprette samarbeid med andre frilufsorganisasjonar, t.d. drøfte sti- og hyttenett i FNF
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal invitere til samarbeid om eit sti og hytteprosjekt for fylket med fylkeskommunen og kommunane
- Styret og administrasjon i SFT skal gjennomføre eit forprosjekt i løpet av 2019, for å planleggje eit sti- og hytteprosjekt, samt padleløyper for fylket

- Styret, administrasjon og utval i SFT skal starte arbeidet for finansiering av eit hovudprosjekt for gjennomføring i 2020-2021

4.3 Natur, kulturarv og miljø

4.3.1 Vurdering av situasjonen

Klimaendringane er no ei utfordring som samfunnet tar på alvor og det er viktig!

Det er stort fokus på fornybar energi. Mindre fokus er det på miljøendringane ved bruk og nedbygging av areal til ulike slag fornybar energi.

Naturvernvalet vil bidra til å gjere merksam på kva viktige omsyn samfunnet må ta, når andre interesser ynskjer å bruke areal til ulike føremål.

I dag er det stort press på dei siste urørte områda, og friluftslivet er spesielt utsett for å miste viktige attraktive inngrepsfrie areal.

Sogn og Fjordane har mange store og små vassdrag, som vert brukt til produksjon av fornybar energi. Det er for tida (2018) store planar om å ta i bruk vindressursar kringom i fylket. Planane er i hovudsak for kysten, men også høg fjellsområda kring Tyin er aktuelle.

Vindkraft i kyst- og fjellområda vil i mange tilfelle verte svært øydeleggende for natur, miljø og friluftsliv. Kysten er og kompasset for trekkfugl, og difor ein konflikt. Dersom det vert for stor inngripen her, vil ikkje fuglane finne fram. På høg fjellet vil vindkraftindustrien setje varige spor for å reise turbinar.

Verdisetjing av urørde naturområde er dårleg implementert i konsekvensutgreiingar, der urørte område vert tenkt brukt til andre føremål. I dag er det vanleg å setje verdien av urørt natur til kr. 0,-. Vi har for liten kapasitet og kompetanse til å prioritere dette arbeidet.

SFT har samarbeidd godt med Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane i høve uttalar innan natur og friluftsliv.

4.3.2 Mål og tiltak

Mål

Arbeidet skal rette seg mot å sikre friluftsområde, slik at desse ikkje vert øydelagde. Dette kan vere nærturområde, men også større samanhengande typeområde, døme kan vere frå fjord til fjell i ulike klimasoner og i ytre og indre regionar. Høg fjellsområde er særleg i bruk av friluftsfolk.

Friluftsliv er ein viktig del av den norske kulturarven vår. SFT har ei viktig rolle her, for å sikre og vidareutvikle Sogn og Fjordane sin friluftslivstradisjon.

SFT sitt arbeid med naturvern støttar seg på DNT sine vedtekter, naturvernstrategi og vegval. Natur- og miljøvernstrategien 2017-2019 er vedteke på landsmøtet og rullerer kvart tredje år.

- SFT skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv og for sikring av friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag (Vedtekter for DNT § 1)


- SFT må styrke kompetansen i organisasjonen omkring det formelle arbeidet, for å få realisert statleg sikring av fleire friluftsområde
- SFT vil framleis samarbeide med dei andre foreiningane på Vestlandet og involvere lokale lag for å få fram konkrete område, som kan vere aktuelle for dette statlege verkemiddelet
- Statleg sikring av "Friluftsområde-nærturområde" og sikre urørte type vassdrag er viktig: Fjord til fjell i ulike klimasoner, ytre- og indre område
- SFT må halde fram med det nære samarbeidet med FNF
- SFT må få meir kompetanse på verdisetjing av urørte naturområde

Tiltak

- SFT skal bidra til ein handlingsplan for statleg sikring i områda våre. Dette bør gjerast parallelt med utarbeiding av ein fylkesdekkjande plan for turstiar og hytter. Styret, administrasjon og utval i SFT bør ha regien her, men det vert viktig med nært samarbeid med lokallaga, andre friluftsansjasjonar, kommunane og fylket
- SFT sitt naturvernutval, i samarbeid med DNT Vest og FNF, skal utarbeide høyringsuttalar innan tema natur og friluftsliv
- Invitere oss med på eit møte med dei to andre medlemsforeiningane i det nye fylket Vestland, der vi deler våre erfaringar med arbeidet og konkretiserer kva som skal til av ressursar og kompetanse for å få til god arealbruk og fråsegnskrivning
- Styret i SFT bør samle inn synspunkt frå lokallaga på aktuelle område innan natur, kulturarv og miljø, som grunnlag for å fremje ålmenta sine interesser

4.4 Organisasjon

DNTs ORGANISASJONSSTRUKTUR



DNT Veivalg 2019 - 2023

4.4.1 Vurdering av situasjonen i dag

Sogn og Fjordane Turlag (SFT) er ein av dei 57 medlemsforeiningane til DNT nasjonalt, medlemsforeininga har eit eige styre, tre utval og administrasjon beståande av dagleg leiar og 50% prosjektstilling born og unge. Prosjektstillinga Vidare består foreininga av 14 lokale turlag, som igjen har sine eigne styre og undergrupper med eigne styre, mellom anna 29 ulike Barnas turlag. SFT har til saman over 8000 medlem og har vore i stor vekst dei seinare åra.

Sogn og Fjordane Turlag forhold seg til styrande dokument som vedtekter og retningslinjer, vedtekne av årsmøtet, og medlemsskapsavtalen mellom SFT og DNT. Samt handlingsplan, rekneskap og budsjett, også vedtekne av årsmøtet.

Det at vi er stadig i vekst skapar også forventningar rundt oss. Som det vert skildra i Veivalgsdokumentet 2019-2023 av DNT er det viktig at organisasjonen er godt rusta til å takle veksten og forventningane. Det må gjerast tydelege prioriteringar og me må sikre at frivillige, tillitsvalde og tilsette har god kompetanse og godt sosialt fellesskap. Vi må sikre at dei held seg motiverte og engasjerte. Mange som melder seg inn i DNT seier at dei melder seg inn då dei identifiserer seg med DNT sitt verdigrunnlag, og mange av dei frivillige og tillitsvalde seier verdiane er noko av det viktigaste til at dei deltek i arbeidet.

Det at vi er ei stadig aukande foreining, gjer at det er viktig skilje kva dei ulike partane i foreininga skal prioritere. I tillegg er det viktig at vi klarar å halde oss til sentrale verdiar og vere ein del av eit større fellesskap. At ein ny regionreform trer til i 2020, gjer også at behovet er ekstra stort for at vi er ei samla foreining og kan forklare tydeleg kva ulike delar av foreininga gjennomfører, dette for å kunne klare å drøfte eventuelle framtidige løysningar.

4.4.2 Mål og tiltak

Mål

- SFT vil ivareta sine frivillige og halde dei motiverte og engasjerte
- SFT ynskjer styrke fellesfunksjonar som løftar samarbeidet og forenkler drifta
- SFT ynskjer at DNT sine verdiar skal prege organisasjonen sitt arbeid og at tilbodet skal reflektere verdiane
- Styrke rolle som inkluderande foreining og jobbe for å utjamne ulikskapar i friluftslivet
- SFT ynskjer å ha eit styre og ein administrasjon som kan vere eit samlande bindeledd mellom lokallaga i foreininga og som gjev faglege råd og hjelp og vere kontaktpunkt inn mot DNT sentralt
- SFT sine vedtekter og retningslinjer vert revidert jamnleg

Tiltak

- Rekruttere fleire til dugnad
- Kurse/utdanne frivillige
- Styrke bevisstgjeringsomkring verdiane STIEN, i alle ledd av organisasjonen
- Tilby alle nye frivillige/tilsette ambassadørskurs
- Vidareutvikle gode måtar for å kommunisere, samhandle og utveksle erfaringar
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal utgreie moglege effektar av ei samanslåing med Hordaland, og moglege effektar av å stå åleine vidare.
- Samarbeide med Bergen- og Hordaland Turlag/Voss Utferdslag
- Samarbeide med offentlege instansar (Fylkeskommunen, barnehage, skule, utdanningsinstitusjonar m.m.)
- Opprette dialog med andre frivillige organisasjonar
- Revidere vedtekter og retningslinjer

4.5 Kommunikasjon

SFT sin kommunikasjon/marknadsføring tek utgangspunkt i SFT sin media – og kommunikasjonsplan, revidert 2017, der det står: *Kommunikasjonsarbeidet skal gjere turlaga sine tilbod synlege og tilgjengelege på ein attraktiv måte som fengjer flest moglege. Vidare skal det synleggjere turlaga sine haldningar om verdien av natur og friluftsliv. (...)*

Kommunikasjonen skal vidare bidra til å skaffe fleire og engasjerte medlemmar og ta vare på den sterke merkevara DNT. Turlaget bør vise att som ein heilårstilbydar av allsidig friluftsliv frå hav til bre. (Marknadsføring av friluftaktivitetar – Lokallaga i Sogn og Fjordane Turlag, 3.april 2017)

4.5.1 Vurdering av situasjonen

Sogn og Fjordane har mange lokallag med ulike storleikar. Det vert gjort myke godt turlagsarbeid rundt omkring i lokallaga og i styret, administrasjon og utval i SFT, men det er ikkje alltid at andre får høyre om dette.

Nokre gonger vert det sett opp turar til dei same turmåla, gjerne på same dag/helg. Dette kan tyde på at internkommunikasjonen i SFT ikkje er optimal.

4.5.2 Mål og prioriterte tiltak

Mål

- Kommunikasjonen skal bidra til å skaffe fleire og engasjerte medlemar og ta vere på den sterke merkevara DNT. Turlaget bør vise att som ein heilårstilbydar av allsidig friluftsliv frå hav til bre. (Jf. *Marknadsføring av friluftaktivitetar – Lokallaga i Sogn og Fjordane Turlag, 3.april 2017*).
- Styret, administrasjon og utval SFT få ut informasjon til innbyggerane i Sogn og Fjordane, og framheve/synleggjere aktivitet som skjer i lokallaga
- SFT skal vere ein samfunnsaktør, regionalt og lokalt - få fram SFT si stemme i høve viktige saker som angår natur, miljø og friluftsliv
- Styret, administrasjon og utval i SFT skal legge til rette for og fremje kommunikasjon mellom lokallaga, mellom lag og medlemmer og mellom administrasjon og lokallaga

Tiltak

- Bruke media/sosiale media til å spreie informasjon og marknadsføre
- Marknadsføre aktivitetane som skjer rundt om i fylket
- SFT sitt styre og administrasjon utformar og gjev ut felles Turprogram og felles Turmagasin
- SFT vil kjempe for verdiane som ligg til grunn for DNT og turlaget si verksemd

4.6 Økonomi

4.6.1 Vurdering av situasjonen

I SFT sin organisasjonsoppbygging styrer lokallaga sin økonomi sjølve og får kontingentinntekter (medlemer, hyttepoeng og stiar) frå DNT og direkte til sin konto. SFT sitt styre og administrasjon krev inn frå lokallaga med vedteken kontingentberekning til dekking av administrasjon og felles utgjeving av turprogram og turmagasin. Lokallaga eig/leiger sine hytter sjølve og har det økonomiske ansvaret for dei og, til liks med stiar og rutenett.

SFT søker midlar frå stiftingar og Miljødirektoratet til felles aktivitet i laga og har inngått ei samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane Fylkeskommune i høve prosjektmidlar Ung stilling og driftsstøtte til foreininga.

SFT har god økonomi i balanse, der utgifter og inntekter harmoniserer med budsjetta. Foreininga har ei ikkje føreseieleg finansiell situasjon, gjennom samarbeidsavtala med fylkeskommunen. Tilskotsum vert justert frå år til år, og SFT veit ikkje heilt kva inntekter den vil gje til drift og prosjekt, før hovudutval for næring og kultur har gjort sine endelege vedtak. SFT må ta stilling til framtidige samarbeidsavtalar, sett i relasjon til regionreforma, i dialog med Bergen og Hordaland Turlag.

Lokallag har tidlegare stilt spørsmål ved rolla til fylkeslaget, særleg omkring bruk av ressursar, og om desse kunne vore nytta betre om lokallaga hadde disponert dei sjølve.

Årleg betalar medlem eit kontingent for å vere med i DNT: SFT ynskjer halde denne lågast mogeleg for å ikkje ekskludere personar med mindre ressursar, nettopp for å nå målet vårt om å tilby friluftaktivitetar utan at det skal koste for mykje.

4.6.2 Mål og tiltak

Mål

- SFT vil styrkje og ha ein føreseieleg finansiell økonomi som harmonerer med årleg vedteke budsjett
- SFT skal ha god økonomi for å betre medlemstilbodet og sikre drift og oppgradering av hytter, ruter og stiar
- Lokallaga i SFT skal stå økonomisk sterkt til å kunne utføre aktivitet og drift

Tiltak

- Styret og administrasjon skal styrkje SFT sin økonomi gjennom gode samarbeidsavtalar med fylkeskommunen i høve årleg grunnstønad og prosjektmidlar
- SFT vil auke støtte frå eksterne, stabile midlar
- Kunnskap om sentrale og regionale ordningar for finansiering og støtte til regionalt og lokalt arbeid (aktivitet)

4.7 Digitalisering

I DNT sin vegvalsperiode (2019-2023) skal det leggjast særleg vekt på å utvikle kommunikasjon i digitale media og få til eit samspel mellom nye media og tradisjonell marknadsføring.

4.7.1 Vurdering av situasjonen

SFT har eiga heimeside og Facebook side. Dette gjeld og fleire av lokallaga og utvala i SFT.

Turprogrammet som går ut til alle husstandar i Sogn og Fjordane, ligg også ute digitalt på heimesida til SFT og hos lokallaga.

Fleire lokallag nyttar Office 365. Styret, administrasjon og utval i SFT nyttar dette verktøyet til å kunne skrive ulike dokument/planar og kome med innspel/samskrive på desse.

Mange lokallag nyttar Sherpa/UT.no/sjekkut til å legge ut informasjon om turar, lage digital turbok, etc.

DNT sentralt har utvikla eit digitalt system for hyttebooking. Dette er endå ikkje teke i bruk i SFT, men nokre av lokallaga har mål om å ta det i bruk. Nokre av lokallaga nyttar digital booking til utlån av utstyr, som t.d. padleutstyr.

4.7.2 Mål og tiltak

Mål

- SFT skal vere open for nye kommunikasjonsløyningar. Vi må følgje med på utviklinga og sjå kva DNT og andre medlemsforeiningar gjer
- Digital utvikling skal gjere det lettare for styret, administrasjon og utval i SFT å kommunisere med DNT, lokallaga og med folk flest, t.d. at alle får tilgang til turprogramma til dei andre lokallaga via Office 365
- SFT nyttar i størst mogleg grad Office 365
- Påmelding/betaling gjerast digitalt
- Deling av kunnskap gjerast mykje digitalt, då det vil lette arbeidet/vere meir tilgjengeleg for fleire
- Legge ut aktuelle turruter på UT.no, slik at andre lett får tilgang til informasjonen
- Nytte Papirfly til marknadsføringsprodukt
- Samle/dele bilete i Fotoweb, slik at dei ulike lokallaga kan nytte bileta

Tiltak

- Styret og administrasjon i SFT gjere Office 365, Fotoweb og Papirfly betre kjend/tilby kurs i lokallaga
- Administrasjon i SFT skal halde fram med å samhandle med Bergen og Hordaland Turlag og Voss Utferdslag i opplæring av digitale verktøy
- Styre og administrasjon i SFT skal oppmode og ev. hjelpe lokallaga med å legge ut fleire ruter på UT.no/DNT SjekkUT
- Lokallaga må opprette system, slik at påmelding/betaling skjer digitalt, ev. med hjelp frå administrasjon i SFT
- Utvikle digitale verktøy for å rekruttere, organisere og kommunisere med frivillige

5. Kjeldeliste:

Veivalg 2019 - 2023 "Et rikt liv med enkle midler"

Strategisk plattform for Fjellsport i DNT

SFT sine vedtekter, retningslinjer og medlemskapsavtalen.

Marknadsføring i SFT og lokallaga 2017

Natur- og miljøvernsstrategi 2017-2019